

Beitebrukar i utmarka – den nye bybonden

Bjørn Egil Flø (NIBIO)

Eg tillèt meg å bryte sjangeren, eg tillèt meg å bryte sjangeren for korleis eit akademisk paper skal formidlast på ein forskarkonferanse. For med dette paperet, og i dette forumet, vel eg å ta side. Ikkje det, det er mange har som har teke side, men eg vel å ta ei anna side. Eg vel å stille meg skulder til skulder med dei *eg* har forska på, nemleg beitebrukarane i utmarka. Og eg vel å formidle det eg har sett gjennom deira sitt blikk.

For det fyllest opp langs hovudvegane i den norske fjellheimen. Det er bra det... det skal vist vere godt for folkehelsa - vert det sagt. Og når dei fyrst har kome høgt nok opp i fjellet, når dei går langs stiane aust vest eller nord sør, så er det stort sett greitt for dei fleste. Nei, utfordringa med den aukande trafikken langs hovudvegane startar før desse folka kjem opp i høgda. Den startar ved innfallsporten.

For me er slik laga me menneskjer – særleg me som reiser på konferansar om forskning i friluft – me sosialliberale *anywherers*¹, individualistane i frie og fleksible middelklassestillingar, oss som lett kan ta fri når me vil. Me er slik laga, at me gjer nett det same, til same tid, som alle våre like. Slik klumpar me oss i hop i bilane våre og i andreheimane våre – som er mesta kliss lik fyrsteheimane våre like som alle dei andre sine mange heimar – og me gjer det til same tid, og på same stad, som alle våre like. Det er det som er utfordringa for beitebrukarane, og på lengre sikt er det kanskje også vår utfordring.

I kvar ferier og i kvar langhelg som han andre generasjon Gislefoss på skjermen har velsigna med godt ver, reiser me ut av universitetsbyane våre – byane som me alle flytta til då me starta bygge våre tilpassa liv – og no invaderer me fjellområda åt dei som vart igjen.

Det var ikkje slik det var tenkt.

Det var ikkje slik det var tenkt då dei teikna ned tekstane i landsdelslovene. Dei tenkte at folk trong funksjonelle reglar, reglar som sikra funksjonell sameksistens folk imellom like som grendene imellom. Reglar som sikra rett til ferdsel - naudsynt beite for krøter og hest langs driftevegar og sleper, nattely, fyringsved til varme og trevirke til reparasjon av slede og båt. Allemannsretten var dåtidas pit-stop, det var ladestasjonane, bensinstasjonane og Leiv Vidar pølsa klokka kvart på to om natta på Dombås

Det gjekk greitt lenge dette. Det gjekk greitt då grunneigarane var få og leiglendingane mange. Det gjekk greitt då dei farande fylte viktige funksjonar. Det gjekk også greitt då dei fyrste nyttelause vandrane starta vime kring om i fjellet midt i beste vinnene. Det var britiske lordar og nokre storsinna målarar og nasjonalskaldar på kunstnarstipend. Dei la att nokre skilling for ei

¹ Omgrepet «anywherers» er lånt av den Britiske sosiologen og journalisten David Goodhart og boka *The Road to Somewhere: The Populist Revolt and the Future of Politics*, frå 2017.

seng og litt smør og rjome, og dei let at grinda då dei gjekk. Men då friluftsløva kodifiserte prinsippet om allemannsrettane – altså då friluftsløva gjorde sedvane skriftleg i lov – vart løva også ein reiskap for fremjing av eit friluftsliv som vaks fram i takt med at moderniteten også gav oss ein ny dag og tid; nemleg fritida. Og i dag er alt endra.

Fråkopling og asymmetri.

Størstedelen av oss, størstedelen av oss som breier oss ut i den norske utmark er fråkopla det utmarksomgrepet i opphavet refererer til. For utmark er eit agrart omgrep, det er tett kopla til jordbruket og som omgrep er det definert av den andre marka, nemleg innmarka. Utmarka er marka utanfor gjerdet, det er den marka som ikkje er sådd, men einast slått eller beita.

Men dei færreste av oss tenkjer på utmarka som jordbrukets landskap i dag. Ofte kallar me det natur me går ein tur i naturen, kan me somtid høyre. Som om det er der – altså utanfor gjerdet – at naturen startar. Som om rogn som står på åkerholmen nokre få meter frå gjerdet ikkje er naturleg ... som om jordlivet på innmarksbeitet, under tuva der den vesle tiriltunga så varsamt glimer i gult, ikkje er natur.

Dei yngste av oss har også starta seie *villmark*, som om dei var kolonialistiske herrefolk som nett hadde stranda på eit nytt kontinent. Og nettopp kolonialistiske er kanskje det me er, i alle fall er det det eg har kalla oss før. For som koloniherrar flest så krev me våre rettar, me kjøper oss privileger i utmarka til spottpris og ber fram våre meiningar om bruk og forvaltning kledd opp i maktas språk.

Det pågår ein kamp om utmarka


Det pågår ein kamp om utmarka som beitebrukarane ser ut til å tape. Kvar dag gjennom sumarhalvåret skjer tapet. Sau tvinnar seg inn i gjerder som er sett opp av 35 åringar som aldri lærde sløyd i skulen. Handtame rovdyr som eigarane omtalar som kjæledyr, skremmer mordyr frå nyfostra lam og i verste fall finn bonden mordyret att i ei myr, sprengd til døde. Om det er fåkunne eller dumskap som gjer det veit eg ikkje, men rett som det er insiterer dei same folka på å gå igjennom ein flokk ammekyr, mellom mor og kalv, med dei same selskaphundane. Og slik risikerer dei ikkje einast eige liv, men dei held også beitebrukaren søvnlaus i frykt for at bølingen skal kveste idiotane.

Det er denne røyndomen som har fått mine informantar til å samanlikne seg med å vere bybønder. Heimstaden deira, heimebeita og det heimslege landskapet, vert invadert og urbanisert kvar ferie og langhelg og den nye røyndomen gjer drifta vanskeleg og ofte uuthaldeleg.

Eg trudde det skulle ordne seg. Eg trudde lenge det utmarksbaserte reiselivet og den aktive beitebruken i utmarka skulle gå seg til.... at desse to aktivitetane skulle finne ein måte å leve saman på. Eg las teoriar frå heile verda og særleg las eg arbeidet til ho som tok imot den svenske riksbank sin minnepris for Alfred Nobel – altså det som vert kalla Nobel prisen i økonomi – i 2009 Elinor Ostrom. Ho skreiv så løfterikt om allmenningen og menneskjers evne til å etablere reglar for å leve saman, at eg kunne starte tru på noko. Men gradvis svann vona.

Ostroms grunnmodell

I ein artikkel frå mange år tilbake skildrar Ostrom² det eg ser som sjølve grunnmodellen for det ho omtalar som det sjølvorganiserte lokale forvaltingskollektiv. Eg har for dette høvet omsett den modellen til norsk under her. Det er ein tilsynelatande enkel modell, men samstundes ber den i seg eit par viktige moment som eg meiner vanskeleg let seg oppfylle i fjellbygdene som i dag har blitt svært populære innfallsportar for det jamt veksande utmarksbaserte reiselivet som beitar på det gamle allemannsrettsinstituttet.



Figur 1. Ostroms grunnmodell for det sjølvorganiserte lokale forvaltingskollektiv (Ostrom 1998), her omsett til norsk.

Det er to viktige element eg ønskjer at lesarane skal legge merke til i denne modellen. For det fyrste er det faktoren «lang tidshorisont». Altså den føresetnad som heng litt for seg sjølv til høgre i modellen og peikar inn mot det avgjerande elementet i det sosiale tillitstriangelet, nemleg gjengjeldingsnorma. Den fortel at om du har levd lenge i eit sosialt miljø og om du i tillegg ser føre deg å halde fram med å vere i det same sosiale miljøet framover, så vil det vere klokt av deg å investere i det sosiale tillitstriangelet på staden. Og måten å gjere det på er så enkelt at om nokon syner deg tillit så gjengjelder du tillita du vert synt.

Utfordringa er derimot at ein stor del – ja kanskje også ein jamt veksande del - av rekreasjonsbrukarane i utmarka manglar den tidshorisonen. For med ein utmarkskultur eller rettare med ein friluftslivskultur, der me stadig vekk oppsøker det til ei kvar tid mest insta-

² Ostrom, Elinor. 1998. « A Behavioral Approach to the Rational Choice Theory of Collective Action: Presidential Adress. » *The American Political Science Review* 92 (1): 1-22.

vennlege reisemålet, det reisemålet der me aldri før har vore, det reisemålet som ligg der me knapt kjenner nokon av dei fastbuande og slett ingen beitebrukar. Så oppfyller me ikkje Ostrom sitt kjernekraterium.

Me oppfyller ikkje kjernekrateriet for det sosiale triangelet, nemleg at me lyt ha ein intensjon om å over tid relatere oss til det sosiale i det lokalsamfunnet me vitjar. Me moderne friluftslivsutøvarar involverer oss ikkje i lokalsamfunnet og me inngår knapt i nokon form for andlet til andlet kommunikasjon med dei andre brukarane av utmarka.

Me snakkar ikkje med dei som alt brukar dette landskapet dagleg. Derimot trykker me «like» på sosiale medium der ein meir eller mindre framand har fotografert seg sjølv på ein fjelltopp, før me pakkar Teslaen vår og legg i veg.

Det andre kjernepunktet som ikkje er oppfylt er at det lyt vere ein viss symmetri mellom utmarksbrukarane sine ressursar og interesser i utmarka (altså punktet nedst til venstre i modellen). Nett det har endra seg dramatisk sidan då dei fyrste lovmakarane teikna ned dei fyrste landsdelslovene og fram til i dag. For det er ingen symmetri mellom beitebrukarane og friluftslivsutøvarane, korkje når det gjeld interessene våre eller dei ressursane me er i stand til å mobilisere for å hevde våre interesser. Tvert om har me gått frå symmetri til asymmetri, særleg dei siste par tre tiåra.

Asymmetriens vekstvilkår vart endåtil styrkt då allemannsretten vart fest i lova. Og samstundes er me typiske friluftslivsutøvarar sprenglærde i juss, medisin eller kanskje til og med i sosiologi og me meistarar maktas språk til fingerspissane. Alt dette svekker grunnlaget for samarbeid, det gjer det ikkje berre kostbart, men truleg også urealistisk å tru at me skal evne å utvikle felles normer for korleis me skal te oss i utmarka utan å gjere vilkåra for dei som var her før oss ringare enn kva det alt er.

Slik svann vona

Slik svann vona ut av meg. Etter å ha lese Ostrom og ei rekkje andre arbeid om kva som må på plass om menneskjer skal evne å samarbeide om bruk og forvaltning av utmarka, og etter alle samtalanene med beite- og friluftsbukarar i utmarka vart eg sitjande att med ein tanke om at ein må døy. Eg tenkte Anten døyr den utmarksbaserte beitebruken eller så lyt det allemannsretts baserte friluftslivet døy, om me då ikkje tek nye grep.

Eit slikt grep vil vere å lage betre planar. I dag set me oss ned med plan og bygningslova og teiknar inn på kart alt frå go-kart baner til hyttefelt, me skisserer opp gondolbaner og det som verre er i von om at det skal lokke fleire slike som oss til å legge turen innom ei bortgjøymd grend.

Men ingen av desse planmakarane treng spørje beiterettshavarane kvar dei har dyra sine i utmarka, dei treng ikkje lese korkje beiteplanane eller beitegranskarane sine kart når dei teiknar inn stiar og løyopenett. Derimot spring kommunedirektørar på møter med utbyggjarar som lovar gull for grøne skogar.

Ostrom sin idealmmodell er ikkje ideell i våre utmarkskommunar. Til det har den lovfesta allemannsretten og friluftslivet, like som grunneigarretten og den skrantande kommuneøkonomi til fordel for ein jamt grådigare stat, sett det eldgamle og særnorske bruksrettsinstituttet – beiteretten – på sidelinja. Skal me rette opp att symmetrien mellom friluftslivs- og utmarksbeitebruken lyt me styrke beitebrukets plass i planprosessen. Me treng lovpålagde krav om å ta omsyn til beiteplanar og beitekart i planprosessane. Me treng krav om konsekvensutgreiing for beitebruken tilsvarende krava me har for klima, biodiversitet og liknande i dag. Sjølv om *det* neppe er nok aleine, så vil det i alle fall vere ein start i rett retning.